



Jon Harald Kjærland har vore prosjektleiar og her viser han fram den nye toalettavdelinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

På grunn av ei god løysing som dei fann fram til under arbeidet blir opprustinga av bedehuset i Uskedalen langt rimeligare enn dei opprinnelege kalkylene bar bod om.

Medan det under det ekstraordinære årsmøtet som tok avgjerda om utbyggjinga vart operert med ein samla sum på ein halv million, blir arbeidet no gjort for 275.000 kroner. Og opprustinga skjer i eitt steg medan årsmøtet sette ut den andre delen fordi den vart for dyr i første omgang.

Årsmøtet gjekk inn for at dei skulle ta ei pause etter at elanlegget var rusta opp og toalett-anlegget var renoverert og hadde fått varmtvatn og handicapløysing – alt for 110.000 kroner.

Neste trinn berekna til 385.000 innebar ei utviding av sjølve huset for å gje plass for ei ny kjøken-avdeling. . Det som no skjer er at kjøkenet som planlagt blir flytta opp frå kjellarhøgda, men får plass utan at huset blir utvida.

Det nye kjøkenet blir innpassa der det tidlegare var bøttekott, kvinnetoalett og gang.

Sundag blir bedehuset teke i bruk att under eit møte i Den Indre Sjømannsmisjon. Måndag 3. september er Hobbyklubben i gang etter ferien og same dagen kjem konfirmantane for å ha opplæring.

Arbeidet med det nye kjøkenet vil ikkje bli fullført før nærare årsskiftet, men det er godt på tur og kan halda fram sjølv om bedehuset er i bruk.

Til denne delen av prosjektet har styret vedteke å ta opp eit lån i lokalbanken på 100.000 kroner, som skal nedbetalast over tre år. Heile denne delen av prosjektet blir gjort på dugnad.

Når det gjeld det byggjesteget som allereie er fullført, er det budsjettert til 104.000 og i tillegg kjem dugnadsjobb i 400 timar. Mange har gjort ein stor innsats dei siste tre månadene, seier prosjektleiar og formann i Uskedalen Indremisjon Jon Harald Kjærland til uskedalen.no

Resultatet er nytt toalett og handicapttoalett med dusj.

Finansieringa skjer med 12.000 i eigenkapitel, 51.500 som vart samla inn i fjor og tilskot frå kommunen. Førebels har kommunen skote inn 10.000, men det kan søkjast om meir.

- Bli det likevel eit gap, har vi egne midlar, forsikrar Kjærland. Han er ikkje bange for at denne satsinga skal skapa problem framover. Ved behov plar bygdafolket stilla opp.

Det 74 år gamle bedehuset vart isolert og fekk nye vinduer for om lag 20 år sidan og for om lag 10 år sidan vart det investert i nytt høgtalaranlegg. Men no var det behov for å gå vidare for å tilfredsstilla dei krav som blir stilt i dag.


Huset er mykje brukt av bygda og nytt av året er at også konfirmantane skal halda til der.

- Det var prestane og kyrkjelydsekretæren som kom med ein førespurnad og vi fann det sjølvstg naturleg å låne ut huset til eit slikt føremål, seier Kjærland.

Det er over 20 konfirmantar i dette kullet og dei vil altså no sleppa å reise til Rosendal for å få opplæring.

- Vi er glade for at vi kom fram til ei god løysing for huset og som dessutan utnyttar arealet på ein svært effektiv måte. Eit tilbygg ville vorte for kostbart, seier Kjærland.

Av Ola Matti Mathisen



Bedehuset i Uskedalen er mykje brukt og i haust vil det også bli teke i bruk av konfirmantane,. (Foto: Ola Matti Mathisen)